



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 07.10.2016

Vår ref.: 2016/4102

Arkivnr.: 461.5

Adresseliste

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Åmøy Havn AS - Søknad om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø på eigedomen 43/96 og 122, Kuneset, Vestre Åmøy i Rennesøy kommune - Fylkesmannen ber om uttale til søknaden - Utlegging til offentlig ettersyn

Fylkesmannen i Rogaland har mottatt søknad frå Åmøy Havn AS om løyve etter forureiningslova § 11, jf. § 16, samt forureiningsforskrifta § 22-6. Tiltaket gjeld utfylling i sjø ved Kuneset, Vestre Åmøy i Rennesøy kommune.

Søknaden blir kunngjort i Stavanger Aftenblad, og blir lagt ut til offentlig ettersyn i Rennesøy kommune, Asalveien 6, Vikevåg, 4159 Rennesøy, samt på Fylkesmannen i Rogaland sine nettsider www.fylkesmannen.no/rogaland under «Miljø og klima» og «Høyringar».

Vi viser vidare til vedlagte høyringsbrev til Rennesøy kommune, og søknadsdokumenta på Fylkesmannens nettsider.

Fylkesmannen ber om at eventuelle uttaler til søknaden blir sendt oss innan 4 veker.

Med helsing

Einar Hualand
fung. seksjonsleiar

Marte Kjelby
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Marte Kjelby
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 48
E-post: fmromkj@fylkesmannen.no

Vedlegg:

Høyringsbrev til Rennesøy kommune (utan vedlegg)

Adresseliste:

Kystverket vest	Postboks 1502	6025	Ålesund
Fiskeridirektoratet region sør	Postboks 185 Sentrum	5804	Bergen
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	Stavanger
Museum Stavanger AS	Muségata 16	4010	Stavanger
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	Bergen

Kopi (utan vedlegg) til:

Åmøy Havn AS Båsen 38 4152 VESTRE ÅMØY



Rennesøy kommune
Postboks 24
4159 Rennesøy

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Åmøy Havn AS - Søknad om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø på eigedomen 43/96 og 122, Kuneset, Vestre Åmøy i Rennesøy kommune – Fylkesmannen ber om uttale til søknaden - Utlegging til offentlig ettersyn

Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle forhold m.v. som det bør tas omsyn til ved handsaming av søknaden. Vi ber om at saksdokumenta og eit eksemplar av kunnjingeringa blir lagt ut til offentlig ettersyn i kommunen.

Frist for uttale er 8 veker.

Fylkesmannen i Rogaland har mottatt søknad frå Åmøy Havn AS om løyve etter forureiningslova § 11, jf. § 16 og forureiningsforskrifta § 22-6. Søknaden omfattar utfylling i sjø ved Kuneset, Vestre Åmøy.

Kort orientering av omsøkt tiltak:

Type verksemd:	arbeid i sjø
Plassering:	gnr. 43, bnr. 96 og 122.
Søknaden gjeld:	utfylling
Berekna volum:	ca. 30 000 m ³
Berekna sjøbotnareal som blir dekkja:	ca. 5 000 m ²
Utfyllingsstid:	2016 - 2017
Planlagt avbøtande tiltak:	lense med 5 meter hengande skjørt og turbiditetsovervaking

Bakgrunn/Søknad

Formålet med utfyllinga er å etablere ein molo i henhold til reguleringsplan¹. Det er no søkt om å etablere om lag halve moloen som framgår av reguleringsplanen, men det kan på eit seinare tidspunkt bli søkt om utviding av molo/fylling. Utfyllinga vil i hovudsak gå føre seg med gravemaskin frå land, men det kan og bli aktuelt å nytta lekter ved behov. Massane som skal nyttast består av rein sprengstein frå arbeid med klargjering av byggegrunn på eigedomen til tiltakshavar.

Sedimentgranskinga² som er utført viser at sedimenta i tiltaksområdet er forureina med tributyltinn (TBT) i klasse 5 («svært dårleg»), enkelte polyaromatiske hydrokarbonforbindelsar (PAH-

¹ Plan id: 2007001

² Ecofact (2016) Miljøundersøkelser Molo nord, Åmøy havn i Rennesøy kommune. Notat datert 12.07.2016

forbindelsar) blei påvist i tilstandsklasse 3 («moderat») - 4 («dårlig»).³ Geotekniske vurderingar tyder på at noko av sedimenta i tiltaksområdet må fortregast ved utfylling.⁴

Søknaden vil bli handsama iht. «forskrift om begrensning av forurensning» (forurensningsforskriften) kapittel 36 om «behandling av tillatelser etter forurensningsloven», fastsett av Klima- og miljødepartementet 01.06.2004.

Fylkesmannens merknader til tiltaket

Sedimenta i tiltaksområdet er vurdert som forureina. Dette gjelder spesielt ved landfestet til planlagt fylling/molo.⁵ I deler av tiltaksområdet er det også registrert blaute masser som skal fortregast, noko som gjev eit stort spreingspotensiale. Det er uvisst kor mykje massar dette er snakk om, men undersøkingar tydar på at det kan vera eit sedimentlag på ca. 2 - 2,5 meter.

Søklar har planlagt å leggja ut lense, med skjørt hengande 5 meter ned. Dette vil bidra til å samle opp eventuelle skyteleidningar av plast, samt å hindra noko partikkelspreiing frå sprengsteinen i det den vert deponert i sjø. Vi ynskjer å nemne at ei siltgardin som ikkje dekkjer heile vassøyla ikkje vil hindra spreining av forureina sediment frå sjøbotn.

I nærleiken av utfyllingsområdet er det registrert tre ålegrasenger med verdi A (svært viktig). Den eine ålegrasenga vil bli delvis dekkja av utfyllinga, og ved ei eventuell utviding av moloen i framtida (i henhold til reguleringsplan), vil om lag halve ålegrasenga bli dekkja.⁶

Verdien på dei to minste ålegrasengene i området er satt ut frå samla areal av alle ålegrasengene i Torsteinsvika (> 200 000 kvm), som tilseier svært høg økologisk verdi, i tillegg overlappar engene med eit viktig gyteområde for torsk, verifisert av Havforskningsinstituttet (HI). Verdibegrunninga til den største ålegrasenga er storleiken og den tette vegetasjonen av høge ålegrasplanter, samt overlapping med gyteområdet. Det er også foretatt 2 registreringar av den viktige naturtypen «blautbotnsområder i strandsona», verdi B (viktig). Desse er viktige funksjonsområder for fisk, og innehar høg naturtyperikdom.

Torsteinsvika er eit gruntvassområde av regional verdi, og er eit svært viktig overvintringsområde for sjøfugl. Registreringar i området viser høge verdiar for artar som horndykkar og gråstrupedykkar. Horndykkar ligg inne i raudlista som trua art. For denne arten er området vurdert til å ha nasjonal verdi.

Fylkesmannen er i utgangspunktet skeptisk til planlagt utfylling når grunnforholda tilseier at forureina, blaute massar må fortregast i eit området som er svært viktig mht. biologisk mangfald. Det er også svært uheldig at fyllinga vil redusera storleiken på den kartlagde ålegrasenga, samt føra til mogleg nedslamming av resterande del.

For å hindra spreining av forureina botnsediment vil det i eit eventuelt løyve etter forureiningslova bl.a. bli aktuelt å stilla krav om t.d. siltgardin som dekkjer heile vassøyla og kontinuerlig overvaking med turbiditetsmålarar. Søklar lyt også medrekna fastsetting av sesongmessige tidsavgrensningar, både med omsyn til fuglelivet i området, samt av omsyn til vekstsesong for ålegras, jf. føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9.

³ Klassifisert i henhold til Miljødirektoratets veileder TA-2229.

⁴ Albert Ølsnes AS (2010) Åmøy Båtsenter, Ny molo. Grunnforhold og geoteknisk vurdering. Datert 01.03.2010

⁵ Område 1 vist Ecofact rapport.

⁶ Kartlagt ålegraseng, id: BN00091508 «Kvitaneset»

Offentleg ettersyn

Fylkesmannen sørger for kunngjering av søknaden i Stavanger Aftenblad. Kunngjeringskostnadane skal dekkast av søker. Kunngjeringsteksten følgjer vedlagt.

Utlegging til offentlig ettersyn

Søknaden blir lagt ut til offentlig ettersyn i Rennesøy kommune, Asalveien 6, Vikevåg, 4159 Rennesøy, og på Fylkesmannen i Rogaland si nettside www.fylkesmannen.no/rogaland under «Miljø og klima» og «Høyringar». Uttaler frå interesserte sendes Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

Uttale – kommunal sluttbehandling

Frist for kommunale uttaler er satt til 8 veker frå kunngjeringsdato.

Kommunen bes innan same tidsrom å innhente nødvendige uttaler frå eigne organ så langt en finn dette nødvendig. Vidare må kommunen opplysa om det omsøkte anleggsarbeidet er i samsvar med gjeldande plan- og reguleringsbestemmelsar m.v. for området.

Kommunens uttale bør gi opplysingar om lokale forhold som kommunen meiner manglar eller er utilstrekkelig beskriven i søknaden, og som det bør tas omsyn til ved avgjerda.

Dersom det er ynskjeleg med ettersending av andre saksdokument enn dei som er vedlagt, ber vi kommunen ta kontakt med Fylkesmannen.

Vi rår til at kommunen foretar kommunal sluttbehandling i organ som kan foreta ei heilheitsvurdering i saka. Uttaler og utskrift frå den kommunale sakshandsaminga skal sendast til Fylkesmannen.

Med helsing

Einar Haualand
fung. seksjonsleiar

Marte Kjelby
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Marte Kjelby
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 48
E-post: fmromkj@fylkesmannen.no

Vedlegg:

Søknadsdokumenter
Kunngjeringstekst
Kopi av brev til andre høyringsinstansar (utan vedlegg)

Kopi (utan vedlegg) til:

Åmøy Havn AS Båsen 38 4152 VESTRE ÅMØY